

# KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2

Mars 1994

48. årg.



KPK

A.F. ZEUVAG 94

## «Der det nye livet lever»!

Der det nye livet lever, der tar ingen grenser slutt.  
Alle hindringer og grenser har et nysatt fotspor brutt.  
:/Hvor det fører, det vet ingen, men en vandring har tatt til.  
Med hele venden som sitt mål kan ingen gå seg vill./:

Selv om landskapet kan skifte mellom sletter,  
fjell og skog, så er såkornet det samme, men det brukes ulik plog.  
:/Den som er et lys i verden, den som kalles jordens salt  
og den som fisker mennesker har arbeid over alt./:

Slik som Peter og Johannes og Maria gjorde før  
da de delte ut sin glede, skal vi gå fra dør til dør.  
:/Og når ordets nøkler åpner en lukket hjertegrind,  
går vi et skritt til siden slik at Jesus slipper inn./:

Der det nye livet lever, der må planter sette frø.  
Slik som dette livet startet ved at Jesus måtte dø.  
:/Det er han som eier livet. Det er ham vi bøyer til.  
Med Jesus som vår hyrde kan vi aldri gå oss vill./:

Vidar Kristensen. Fyll hele jorden med lovsang, nr. 6

## Påskeandakt

Herrens miskunn er ikke forbi, hans barmhjertighet tar ikke slutt. Den er ny hver morgen. Klagesangene 3.22-23.

Var det virkelig for meg? Et livsviktig spørsmål krever sitt svar. En øm og fin samvittighet har stilt sitt viktigste spørsmål. Det er en samvittighet som røper dyp fortvilelse over ikke å strekke til overfor sine medmennesker. Trettenåringen er ikke preget av sykkelig skyldfølelse, men er i besittelse av åpenhet om sitt eget liv. Bibelen ligger i fanget, og samvittigheten er fanget inn av Bergprekenen i Matteusevangeliet. Vær ærlig og sann i din ferd. Vis respekt og kjærlighet mot din neste. La gjestfrihet og omsorg prege ditt liv. Det er Gud som skal være sentrum i ditt hjerte og sinn. Betingelsesløs kjærlighet til både Gud og mennesker.

Det er ett å vite veien, noe annet å gå den. Med grenseløs ærlighet bøyer hun kne for Gud og bekjenner: Jeg har prøvd dine gode bud, men jeg holdt ikke mål. Det er ikke mangel på ros og gode ord fra far og mor, fra lærer og venner, men dine rettferdige krav ble meg for svære.

To avveier viste seg fram. Den ene sa: Vær ikke nøye, stress ikke samvittigheten, for alle er vi omtrent likedan, noen er mer voldsomme mens andre oppfører seg fint, men alt i alt er du ikke verre en andre. Men trettenårige Eva hadde en annen tanke. Det var Jesus selv hun konkurrerte med og tapte for.

Den andre avvei kom hastig til syne: Gud hadde vel ikke ment å være så streng med sine krav om rett og rettferdighet i denne verden. Dersom alle ville gjøre så godt man kunne, ville jo verden bli et fint sted. Men

trettenårige Eva spurte seg selv hva kjærlighet er om den ikke er fullkommen.

Det nærmet seg påske og sognepresten skulle holde fastegudstjeneste en kveld. I benkene satt bare fem personer. Eva var en av disse. Presten skildret i sin tale Jesu vei til Golgata. Hun så for seg menneskenes ondskap, disiplene som flyktet, Judas forræder, folkemassenes ville rop, de utspekulerte fariseerne, den feige Pilatus og de voldelige romerne. Eva fyltes av medlidenhet for Jesus. Det er godt å vite at Jesus selv har følt hvor tungt og vanskelig livet kan være for menneskene, og hvor plagsomme vi kan være mot hverandre. Gud kjenner alle..... Men så ble hun revet ut av tankene sine, og oppmerksomheten ble igjen rettet mot prekestolen. Sognepresten skulle nå sitere fra Paulus sitt brev til Galaterne. Etter dette bibelsitatet skulle Eva få en ny samvittighet, en helt ny forståelse av sitt forhold til Gud. Men ennå ante hun ikke hva som skulle skje med henne om få sekunder. Nå skulle hun få øynene opp for hva Gud har gjort for menneskenes frelse.

Men før presten leste det avgjørende bibelordet, mens han fant fram i Bibelen sin, tenkte Eva følgende: Det var mange som svek Jesus, min synd er på samme måte, det kunne like godt ha vært meg som hadde vendt Jesus ryggen.

Gud virket svært truende da hun innrømmet dette. Nå gjorde det ondt å sitte i kirkebenken. Samvittighetens respekt for Gud vokste seg så stor at Eva følte hele livet sitt truet av den hellige Gud.

Eva så på altertavla, en korsfestet Jesus, grov piggtåd som tornekrone, - smerte! - Han kom nærmere henne, han vandret videre, men nå som den oppstandne Herre. Enda visste ikke Eva at han skulle skape et

revolusjonerende under i hennes brutte og knuste samvittighet. Hun strakte ut armene da hun så han komme. Det var bare ett hun ville, ta imot Jesus. Hun hadde ikke noe å gi, men likevel - hun åpnet, - og han gikk inn og sa til henne idet presten siterte fra Galaterbrevet: "Men Kristus kjøpte oss fri fra lovens forbannelse da han kom under forbannelse for vår skyld. For det står skrevet: Forbannet er enhver som henger på et tre. Gal.3.13.

Det var for meg, - forbannet i mitt sted av Gud for mine synder. På nytt så hun på altertavlen - i mitt sted.

Hjemme hos Eva ble bibelverset raskt pugget utenat. Det ble vått på puta til en tretten år gammel jente den kvelden Jesus kom til henne. Natten var stille, hun drømte ingen ting, søvnen var dyp - samvittigheten var rensket. Jesus hadde gjort det hun selv ikke kunne få til, og han hadde båret det hun ikke kunne bære alene. "Han ble såret for våre overtredelser og knust for våre misgjerninger. Straffen lå på ham for at vi skulle ha fred. Jes.53.5. Jesaiaverset stod trykt på et bibelkort. Det var det siste Eva leste den kvelden. Nesten sovende, merket hun ikke at hun stakk kortet inn i Bibelen sin på en side der verset fikk lyse med glødende intensitet. 1.Mos.3.

Morgenlyset kom, og Gud i himmelen vek ikke fra sitt barn.

S. R. E.

## H.M. Kong Olav V's

### Jubileumsfond

Kyrkjebladet har fått tilsendt ei melding om H.M. Kong Olav Vs jubileumsfond for personar som vil ta eit år på ein kristen folkehøgskule. Det heiter i meldinga at det er oppretta komitear i alle kommunane i landet. Pengane som

vertsamla inn i Vaksdal Kommune vert øyremerkt ungdom frå vår kommune.

Er du interessert i å støtta dette fondet kan du gje gåver over bankgirp 325 som er eit kortnummer som vert nytta i høve denne innsamlingsaksjonen.

### Gåver

Gåver kan ein senda til: Noregs Kristelege Folkehøgskulelag, Gråkamveien 10A, 0386 Oslo. På den måten støtta du den kristne folkehøgskulen, samstundes som ungdom frå Vaksdal kommune får økonomisk hjelp til å gå på ein av dei kristne folkehøgskulane. Hugs å merka giron med kva for ein kommune du som gjevur bur i.



H.M. Kong Olav Vs Jubileumsfond

Stipendfond i anledning 100-årsjubileet for den kristne folkehøgskolen



## Avskjedsrunde for Sokneprest Meidell

I januar og februar hadde sokneprest Inge Chr. Meidell ei rekke avskjedsgudstenester i Vaksdal prestegjeld. Les side 4 til 8.

### Nesheim

Det heile tok til den 9. januar i Nesheim kyrkje. Der hadde sokneråda for Nesheim og Eksingedalen skipa til felles fest etter gudstenesta.

-Meidell fekk mange helsingord med seg frå kyrkjelyden, og eit trefat med bilete av kyrkjene som var brent inn i fatet. Fatet var laga av Grete Brønstad frå Eksingedalen, seier Ingunn L. Gullbrå. Borna fekk tøflar som Grete Haugen Andersen hadde laga i saueskinn.



Samling rundt kaffibordet ved avslutningsfesten på Nesheim

(Foto: Veslemøy Rødland Bergo)

### Stamnes

Stamnes sokneråd som dekkjer både Eidsland og Stamnes skipa til to festar. 16. januar på Eidsland. Der vart det servert mat og gjeve blomar.

23. januar var turen komen til Stamnes. Middag vart servert og Meidell fekk takk og helsing med seg på ferda vidare. Frå kyrkjelyden fekk han eit trefat i karveskurd. Fatet var laga av Einar Magne Straume. Fatet hadde ei rose i midten og kristne symbol rundt kanten, seier Anne Margrete Eikefet.



Aage Lavik (tv) stod for gåvedryss til fam. Meidell frå sokneråda i Eksingedalen.

(Foto: Veslemøy Rødland Bergo)



Jon Villy (tv) og Lars Helge Meidell kosar seg på festen på Eidsland

(Foto: Elin Meidell)





Nokre av deltakarane på avskilsfesten på Eidsland  
(Foto: Elin Meidell)



Elin og Inge Christian Meidell samla ved avskilsfesten på Vaksdal  
(Foto: Nils Kåre Tolås)



Bjørn Knudsen stod for gåveoverrekking frå Vaksdal sokneråd  
(Foto: Nils Kåre Tolås)



Både prost og organist kosar seg saman med dei andre festdeltakarane  
i Dalekjellaren.  
(Foto: Ragnvald Kringlebotten)



## Bergsdalen

23. januar hadde Sokneprest Meidell avskjedsgudsteneste i Bergsdalen om ettermiddagen.

-I tillegg til mat og drikk fekk han mange takkens ord, seier Per Småbrekke. Som gåve fekk Meidell eit fotografi av kyrkja i Bergsdalen. Biletet er teke medan ein regnboge er framme, og på biletet går regnbogen frå Kyrkja opp mot himmelen. Biletet har på den måten ein sterk symboleffekt, seier Per Småbrekke.

## Vaksdal

På Vaksdal var det avskildsgudsteneste og fest den 30. januar.

-På festen i Bedehuset vart det servert middag og kaffi. Frå kyrkjelyden fekk Meidell ei fin klokke som gåve. Sjølve talskiva var laga av ein steinsort som heiter serpentin, seier Bjørn Knutsen. Steinen kom frå Modum. Tala var laga som romartal.

I tillegg til dette var det takketalar og ei gåve frå Vaksdal Indremisjon. Gåva frå indremisjonen var ein lysestake. Den skulle vera eit minne om at soknepresten ikkje sette lyset under eit kar i forkynninga.

## Dale

Siste avskildsgudstenesta var i Dale kyrkje 6. februar. Der deltok også Dale Mannskor.

Etter kyrkja var det fest i Dalekjellaren. Soknerådet bad til bords og serverte middag og kaffi.

Frå Dale sokneråd gav tidlegare soknerådsformann, Arne Verpelstad, eit måleri av Dale Kyrkje laga av Charles Lunde. Verpelstad helsa med Johs. 15,1-5 der det står om vintreet og sa vidare at synd og nåde hadde vore sentrale ord i Meidell si forkynning.

Liv Stokke Sellevold gav dukar i Hardangersaum frå Indremisjonen. Borna fekk kvar sine puslespel. De er i våre hjarto om de fer ein



Arne Verpelstad gav måleri av Dale Kyrkje til Meidell.

(Foto: Ragnvald Kringlebotten)

anna stad, sa Sellevold.

Prost Knut A. Knutsen var også med på Dale og sa at "Du skal flytta og er undervegs. Det er me alle saman, kyrkjelyden skal vera som ein slipestein for presten, sa Knutsen mellom anna.

Reidun Laastad Dyvik takka for samarbeid om konformantane og sa at Jesus Kristus eri går og i dag den same, ja, til æveleg tid.

Kjell Arne Norum takka også og sa at soknepresten hadde aldri spart seg. Eg er glad for at me har trekt i same retning, sa Norum.

Lars Ragnvaldsen helsa frå dei tilsette i kyrkja og til slutt takka Meidell for alle godorda og sa: "Det er rart at me skal skiljast, men me kan ikkje skilja oss frå Guds kjærleik". Meidell takka for godt samarbeid og sa at bønene frå andre kristne hadde bore han fram i tenesta.

# Barneside

## VIKTIG MELDING FRÅ JESUS

Jesus gav læresveinane sine eit viktig oppdrag. Byt ut bokstavane med den bokstaven som kjem framfor i alfabetet (A kjem framfor A), og tala med talet framfor. Set så orda i rett rekkjefølgje! Då finn du ut kva Jesus sa. Veit du kva vi kallar dette påbødet? (Slå opp i nytestamentet ditt dersom du ikkje greier å få alle bokstavar og ord på rett plass! Bibeltilvisinga er koda inne i parentesen.)


FS GBFSFO KPSEB TPOFO EFJ PH IJNNFMFO GPMLFTMBH BMM TKA  
WFSEB FH BMMF MØSFS PH UJM MØSFTWFJOBS GAUU FH TPN MFOHF  
CPEF EZLL TUAS IBS PH UJM EAZQFS EJGPS NBLU A EBHBS QA  
AU NFE BMMF TA FH BMU BOEF EJ IBMEB IFJMBHF NFE PH EZLL  
EFU PH EF PH EFJ VU J HA HKFS IBS EZLL (NBUU 39,29-31)

## VITS

Den unge presten hadde førebudd preika si lenge og grundig. Etter gudstenesta då han stod og helsa på folk, sa ein eldre mann til han:

"Preika di var som Guds fred og Guds miskunn." "Korleis det?", spurde presten glad og vonfull.

"Jo, ho var som Guds fred ved at ho gjekk over alt vit, og som Guds miskunn ved at ho varde evig lenge."



## ADAMS DAM

KVAR GONG HIARTET DITT SLÅR, DØYR EIT MENNESKE AV SVOLT EIN ELLER ANNAN STAD I VERDA.

OJ, DU KAN RÆKNE MED AT EG VIL GJERE MITT FOR Å BETRE SITUASJONEN

FLOTT, VIL DU SENDE EI GÅVE TIL KIRKEN S NØDHJELP?

NEI, EG SKÅL SLAPPE AV SLIK AT HIARTET SLÅR SÅKTARE.





## Påskeandakt for born

Jørgen og Trygve sprang heim frå skulen, slengde skulesekkane i gangen og fann fram skia. I løpet av natta var leikeplassen blitt forvandla til eit kvitt snøteppe. Trygve kunne nesten ikkje venta med å ta i bruk dei nye skia han hadde fått av bestefar. Bjarte var nyleg komen heim frå leir. Han blei med dei andre gutane i skibakken.

Trygve og Jørgen var svært opp-tekne av dei gode OL-skiløparane. dei leika at dei sjølve var OL-heltane. Bjarte tykte ikkje det var så morosamt at dei to andre spelte "proffe" skiløparar, og var i grunnen lei alt maset deira om skiheltar. Han hadde mest hug til å gå heim, men så kom han til å tenkja på noko han hadde høyrte på ei bibelsamling på leiren.

"Veit de kva?", ropte Bjarte. "På leiren hørde vi om Jesus, og han var heilt utruleg. Eg synest også desse skiheltane dykkar er tøffe, men Jesus er mykje betre. I påska feirar vi at han måtte døy på ein kross for di og mi skuld. Sidan han var viljug til å døy, får vi koma til himmelen viss vi trur på han."

Trygve og Jørgen tykte ikkje dette høyrdest noko spennande ut, så dei gjekk frå Bjarte for å halda fram med å stå på ski. Men Bjarte hadde meir på hjarta, for det han hadde opplevd på påskeleiren var så flott, så annleis. Trygve og Jørgen, høyr litt på meg! Eg var ikkje ferdig med å fortelja. For det enda ikkje med at Jesus vart lagt i ei grav. Han stod opp frå grava, og lever i dag. Tenk det! Han lever og er like verkeleg som deg og meg, sjølv om vi ikkje kan sjå han!

Eg har fått ein besteven som er saman med meg kvar einaste dag!


(Nina Clausen)

## 680 000 fire-åringar

har fått Barnas Kyrkjebok

Barnas Kyrkjebok vart i fjor seld i 30 000 eksemplar. På 20 år er det selt 680 000 eksemplar av boka, som tidlegare heitte Mi Kyrkjebok, opplyser salsleiar Odd Petter Tornes i IKO-forlaget.

Det er kyrkjelydane i Den norske kyrkja som kjøper boka for å gi henne til fire-åringar. (KPK)



Når du sier at en situasjon eller en person er håpløs, slenger du igjen døren foran Gud.

KPK - TROND T

## Skulelaget jubilerer Er der vegvala vert gjorde!

Laget, eller Norges Kristelige Student- og Skuleungdomslag som det offisielt heiter, vil i år markera at det er 70 år sidan rørsla vart skipa.

I dag finst det skulelag på kvar tredje ungdomsskule og vidaregåande skule i heile landet, og på dei fleste høgskular og universitet. Kvar veke er omlag 10 000 elevar og studentar innom ei skuleandakt eller eit anna Lags-arrangement.

Generalsekretær Jens-Petter Johnsen seier til Kristelig Presskontor at det er litt forandring i aktivitetsformene. Ein del skuleungdomslag har kutta ut kveldsmøta til fordel for andakt i midttimen.

Elles seier Johnsen at skuleungdom i dag er mindre vaue med å ta ansvar enn skuleungdom var før, og at ein difor treng mykje hjelp frå dei vaksne. Han vonar at jubileumsfeiringa vil vekke fleire til å sjå ansvar for skulelagsarbeidet.

-Det kristelege skulelagsarbeidet er strategisk, vi er der ungdommen er, og der vegvala vert gjorde, seier Johnsen.

I Vaksdal kommune kom skulelaget ved Dale Ungdomsskule i gang att i haust etter ein pause.

-Me er nett starta opp og vil i fyrstinga satsa mest på andakt i storfriminuttet, seier ei av medlemane, Caroline Hol. Ho seier at det Bjart Magnus Rosvold som er leiar.

## Meiningar forgår Bibelen består

Den franske filosofen og forfatteren Jean-Jacques Rousseau (1712-79) sa: -Om hundre år er kristendomen borte. Over 200 år har gått. I dag vert huset Rousseau budde i, brukt til bibelarbeid og bibelspreiing.


## Fleire drap og sjølv mord

ved liberal alkoholpolitikk

-Alkohol i matbutikkane og tilnærma tyske alkoholprisar vil i følgje ein rapport frå Statens Institutt for alkohol- og narkotikaforskning, gje svært store utslag i Noreg, skriv Vårt Land.

Ein reknar med 50 fleire drap i året, 330 fleire sjølv mord, 610 dødsulukker meir og 1000 fleire andre dødsfall.

(KPK)



Den minste motstands vei gjør både mennesker og elver krokete.

KPK - TROND T



## Bibelen

### Den mest selde boka i verda

Omlag 600 millionar biblar, nytestamente og bibeldelar vart selde i heile verda i fjor.

Det er bibelmisjonsleiar Stein Mydske i Det Norske Bibelselskap som opplyser dette til KPK. Endå om ein stor del av salet gjeld bibeldelar, mange stadervert dei brukte i leseopplæringa, er det inga anna bok som kan visa til slike salstal. Også her i landet var Bibelen den mest selde boka i fjor, som så mange år tidlegare. Det seier mykje om den einestående stillinga Bibelen har.

-Bibelen sel best, men er han også mest brukt?

-Ja. Granskingar vi har gjort fleire gonger, viser at omlag 10 prosent les Bibelen regelmessig, 30 prosent les av og til, medan 60 prosent sjeldan eller aldri les i han, seier Mydske. Det vil seia at omlag ein million vaksne nordmenn jamnt eller av og til opnar Bibelen og les i han

## Seksti bibelplanter

### i Noregs einaste bibelhage

Til sommaren kjem det endå fleire tre til den einaste bibelhagen i Noreg, på Gjennestad Gartnerskole i Vestfold. Då kjem mellom anna treslaget Sakkeus klatra i, morbærtreet, eller rettare morbærfikentreet. Frå før finst der mellom anna aprikos, daddelpalme, mynte, isop, dill, anis, sennepsplante og sedertre, det særst verdfulle treslaget som vaks i bibelens Libanon.

-Ein hage for stille og kvile, seier parksjef Anders Nordrum. Han legg til at parken er open for alle, same kva tru og livshaldning dei har.

-Så kanskje det var ein ide å leggja ferieturen til sommaren om Gjennestad Gartnerskole.

(KPK)

# GUD ER...



... EN SKULDER  
Å GRÅTE PÅ

Fra boka «Gud er...», Verbum forlag 1992

## Våre liv som bøker

Det finst menneske kring oss i verda som aldri les i Bibelen. Men dei "les" oss kristne. Er det mogeleg for dei å sjå Gud i våre liv? Kan dei seia om oss at "den mannen" eller "den kvinna" minner meg om Kristus?

Let vi lysa våre skina på ein slik måte at menneske kan sjå, ikkje oss, men vår Far, vår Freisar i oss; og lovprisa, ikkje oss, men vår Far i himmelen?

Dette er den verkelege testen.

(Frå Keswick's Authentic Voice)

## Nattkafe

Nedanfor finn de ei liste over vidare opningstider for NATT-Kafear.

Respsjonen på dei fyrste kafeane må seiast å ha vore bra, seier Jostein Rene. Frammøtet har vore frå 15 til omlag 30 personar i ymse aldrar. Best frammøte har det vore på kafeane son har vore i Vaksdal Bedehus.

LAURDAG 9. APRIL, VAKSDAL BEDEHUS

LAURDAG 16. APRIL. Stanghelle BEDH.

LAURDAG 23. APRIL, DALE BEDEHUS

Laurdag 7. MAI VAKSDAL BEDEHUS

MÅNDAG 16. MAI (NB) DALE BEDEHUS

Alle kveldane opnar kafeen kl. 21.

og er open til omlag midnatt.

## Skulelækjar åtvarar mot barnediskotek

Skulelækjar Agneta Nilsson i Risør åtvarar mot å etablere faste diskotektilbod for born. Ho fryktar at slike barnediskotek opplever den spenninga som elles byrjar i tenåra. Når desse borna sjølv vert tenåringar kan dei koma til å søkja spenning på andre, og uheldige måtar.

Ho presiserar at ho ikkje har noko motstand mot dans eller at det av og til kan vera diskotek for born. Ho seier at ikkje kan sjå nokon skadevirkningar i augneblinken, men er ho fryktar at ein med dette flyttar ungdomen si spenning ned på barnestadiet.

(Vårt Land)

## Ny adresse

For dei som vil ha kontakt med Inge Chr., Elin, Jon Villy eller Lars Helge Meidell skriv til adr: 6570 EDØY

## Guds kjærleik

Under ein husandakt las Martin Luther frå forteljinga om Abraham som var viljug til å ofra Isak på altaret, i l. Mosebok kapittel 22. Kona hans sa: -Eg trur det ikkje! Gud ville ikkje ha gjort noko slikt med barnet sitt.


-Men kjære deg, svara Luther, det var nett det han gjorde.

(Roland Bainton i "Here I stand")

**\$** Stol på Gud  
som din far  
i den trygge  
forvissning:  
**MIN FAR**  
vet alt,  
kan alt,  
og alt Han gjør,  
er rett.  
**Min far er god!**  
**Min far**  
elsker meg!

MB





KPK - TROND T

Den som sår godhetens frø,  
vil nyte en stadig innhøstning.

## Prestevikarar

Det vert litt fram og attende med vikarar - medan vi ventar på ny sokneprest. Fleire prestar har vore her og hatt gudstenester.

Men no er det Ragnar Gunnestad som gjer teneste - ein roleg og raus pensjonist som bur i Bergen. I påska er han reiseleiar til Hellas, så då må vi få ein annan til å hjelpa oss.

Eg vonar de tek det sporty dersom vi iblant må sno oss litt for å få alt til å gli. Det er jo berre ein overgang, som reven sa.

(Kjell Arne Norum)



Den Norske Israelsmisjon er ein "miniatyr" i misjons-Noreg. Likevel er den med på å verkeleggjera ei formidabel misjonsoppgåve, å forkynna framtid for Israel gjennom frelsa i Jesus Messias.

I år feirar Den Norske Israelsmisjon 150 år, og eit storstilt jubileumsmøte vil finna stad i Stavanger 29. juni-3. juli.

I pressemeldinga frå Israelsmisjonen heiter det mellom anna at å forkynna evangeliet for det jødiske folk ikkje alltid er like lett. Kyrkja har bak seg ein to-tusen årig gruffull historie, der det jødiske folk har blitt utsett for forfylgjingar, drap og trakkassering.

Likevel ligg det misjonen sterkt på hjarta som det står hjå Paulus: "Evangeliet er ei Guds kraft til frelse, for kvar den som trur, både for Jøde først og så for grekar."

## Det var bra

Det var bra du gjorde folk friske, Jesus skulle forresten likt å se bestefar ta den digre dobbeltsenga under armen og gå ned i gården. Han har ikke vært ute på over tre år.

Frå "Hei Gud" av Svein Woje

## STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 22. april 1994.

Bladet kjem ut i veke 20 som byrjar med 16. mai.

Ragnvald

## Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på telefon på førehand. prestane har teieplikt.

## Vaksdal prestegjeld

SOKNEPRESTIKONTORET tlf 56 59 61 20  
Tysdag, onsdag og torsdag kl. 9.00-  
13.00, er fullmektigen på kontor.

Res.kap. Kjell Arne Norum  
tlf. 56 59 70 88 Mobil 945 02992.  
HUGS, måndag er presten si fridag.

## KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda

Bladpengar: Kr. 60,-

Annonsepris: Kr. 2,20 pr. sp.mmm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,  
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81

Kasserar: Asle Georg karlsen, Boge,  
5270 Vaksdal. Tlf. 56 50 70 32

Eksp. og Trykk: Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese.

## SLEKTERS GANG

### Døypte



#### EKSINGEDALEN

30.01 Solveig Carlsen


#### STAMNES

13.02 Øystein Farestveit

13.02 Marius Simmenes

#### VAKSDAL

Thomas Jacobsen Erstad



### Avlidne



#### DALE

25.01 Johanna Hårvik, f. 1903

#### BERGSDALEN

19.01 Martha Brekke, f. 1896

07.02 Kari Fosse Vedå, f. 1903

#### STAMNES

12.01 Normann Moris Tysse, f. 1916

#### NESHEIM

06.01 Nils Bindingsbø, f. 1903

#### VAKSDAL

22.01 Andreas Jamne, f. 1905

18.02 Steingrim Opheim, f. 1922

25.02 Reidun Rørbakken, f. 1938





# VELKOMEN TIL KYRKJE

Fredag 25.mars

STAMNES kl.17. Salmekveld

27.mars - Palmesøndag

NESHEIM Kl.11. Fam.gudst.Norum  
Offer til Kirkens Nødhjelp

BERGSDALEN Kl.12.30 Sportsandakt.

STANGHELLE kl.18.Norum.Offer til  
Kirkens Nødhjelp.

Onsdag 30.mars

VAKSDAL kl.19.Musikkandakt

31.mars - Skirtorsdag

VAKSDAL kl.11.Vikar.Nattverd

EIDSLAND kl.11.Norum.Nattverd.Offer  
til Den Norske Israelsmisjon.

1.april - Langfredag

DALE Kl.11.Norum

STAMNES kl.11.Vikar.Offer til IKO

EKSINGEDALEN kl.19.30 Vikar.Nattverd.

BERGSDALEN kl.20.Norum

3.april - 1.påskedag

DALE kl.11.Vikar.Nattverd.Offer til  
Den Norske Israelsmisjon.

VAKSDAL kl.11.Biskop Lønning og Norum.  
Offer til Norsk LutherskMisjonssamband.

NESHEIM kl.11.St.Markus.Offer til  
Norges KFUK-KFUM,Bjørgvin krets.

BERGSDALEN Kl.20.Vikar.Nattverd.  
Offer til Den Norske Israelsmisjon.

4.april - 2.påskedag

STAMNES kl.11.Norum.Nattverd.Offer  
til Den norske Israelsmisjon.

10.april - 1.søndag etter påske

EIDSLAND kl.11.Fam.gudst.Norum.Offer  
til Den norske Santalmisjon.

VAKSDAL kl.19.Konsert.

17.april - 2.søndag etter påske

DALE kl.11.Vikar.Nattverd.Offer til  
Norsk Gideon.

VAKSDAL kl.11.Norum.Nattverd.

EKSINGEDALEN kl.11.Lekmannsgudst./Fam.  
gudst.Offer til Bibelskulen på Bildøy.

BERGSDALEN Kl.16.Lekmannsgudst.Offer  
til Bibelskulen på Bildøy.

STAMNES kl.17.Lekmannsgudst.Offer til  
Bibelskulen på Bildøy.



24.april - 3.søndag etter påske

STAMNES kl.11.Norum.Nattverd.Offer til  
Bjørgvin Bispedømeråd/Stiftssenteret.

STANGHELLE kl.18.Norum.Nattverd.Offer  
til Stanghelle Indremisjon.

DALE kl. Konsert.

1.mai - 4.søndag etter påske

VAKSDAL kl.10.Vikar.Offer til Blå Kors.

DALE kl.11.Norum.Offer til Bedrifts-  
misjonen.

NESHEIM kl.16.Norum.Offer til Bjørgvin  
Bispedømeråd.

BERGSDALEN kl.20.Vikar.Offer til Fager-  
tun.

Fredag 6.mai

STAMNES kl.19. Musikkandakt.

8.mai - 5.søndag etter påske

DALE kl.11.Konf.gudst.Vikar.Offer til  
Soknerådsarbeidet.

VAKSDAL kl.11.Konf.gudst.Norum.Offer  
til Det Norske Misjonsselskap.

EIDSLAND kl.17.Norum.Nattverd.Offer  
til Fagertun.

12.mai - Helgetorsdag

VASSBAKKENSTEMNA v/Vikavatnet i Stamnes

15.mai - 6.søndag etter påske

STAMNES kl.11.Konf.gudst.Vikar.  
Offer til Fagertun.

17.mai - Grunnlovsdagen

VAKSDAL kl.9.30 Vikar.Offer til Fagertun.

DALE Kl.10.30 Norum.Offer til Dronning  
Mauds minne.

STAMNES kl.11.15 Vikar.Offer til Redd  
Barna.

EIDSLAND kl.12.30 Norum.Offer til Redd  
Barna.